

## Regelverk for utlån av kommunal minibuss i Bokn kommune:

Bokn kommune har gått til innkjøp av minibuss (16+1 seter), som skal koma innbyggjarane i kommunen til gode, og bidra til å fremja trivsel, sosial tilhørighet og motvirka inaktivitet.

1. Minibussen skal stå til disposisjon for privatpersonar, kommunale verksemdar, samt frivillige lag og organisasjonar i Bokn kommune.
  - a. Kommunen forbeholder seg retten til å prioritera bruken av bussen, kor bruk av bussen i regi av kommunal verksemd vil bli prioritert.
2. Søknadsprosedyre:
  - . Den enkelte person/lag/organisasjon må søkje kommunen om å låne bussen. Søknad må leverast servicetorget i opningstida frå kl. 08.30 – 15.00. Søknaden må vera innkomme minst 24 timar før utleige. Søknad om utleige i helga til og med mandag må seinast leverast torsdag. Søknaden blir behandla av seksjon kultur.
3. Låntakar må sjølv stilla sjåfør med godkjent førarkort for minibuss inntil 16 passasjerar. Bussen har installert digital fartsskrivar, og sjåføren må difor ha eige sjåførkort.
4. Sjåførkort kan ein få utlevert frå trafikkstasjonen etter søknad. Husk gyldig legitimasjon. Prisen på sjåførkortet er 590,- kroner. Det er personleg og er gyldig i fem år. Det betyr at det ikkje kan lånast bort. Alle sjåførar skal ha sitt eige kort. Du, som sjåfør, er ansvarlig for at ingen andre bruker ditt kort.
5. Sjåføren sitt ansvar:
  - a. Følgje gjeldande reglar i veg- og trafikklova. Dette medfører m.a. å stå til ansvar for eventuelle fartsoverskridingar og andre bøter.
  - b. Sjå til at passasjerane er tilstrekkeleg sikra i bussen under transport
  - c. På vegne av kommunen ha det totale ansvaret for bussen så lenge utlånet varar.
  - d. Følgje dei reglane som til ei kvar tid gjeld for utlån av bussen
  - e. Brot på regelverket kan føre til konsekvensar for seinare utlån av bussen
6. Utsjekk/innlevering av bussen:
  - . Sjåføren må hente nøklar, regelverk og utleigeskjema i kommunen sitt servicetorg om ikkje anna er avtalt. Her vil han bli kravd om å legge fram godkjent sertifikat.
    - a. Før utlevering av nøklar, må sjåføren skrive under på å ha motteke nøklane, utleigeskjema og lest regelverket
    - b. Sjekke at bussen er i orden (viser til sjekklister)
    - c. Parkere bussen på avtalt stad/tidspunkt.
    - d. Fylle ut køyrerapport (vert utlevert saman med nøklane)
    - e. Leverer frå seg nøklane og utfylt utleigeskjema på avtalt stad

7. Bussen skal leverast i same stand som den vart utlevert:
  - . Sjøføren er ansvarleg for at bussen vert rydda og evt. reingjort
    - a. Vert ikkje dette oppretthalde, vil det få konsekvensar for seinare utlån, og låntakar vil bli fakturert for reingjering av minibussen.
  
8. Kostnader ved bruk/utlån:
  - . Kommunale verksemder, samt frivillige lag og organisasjonar i Bokn kommune betaler ikkje leige ved lån av bussen, men låntakar må dekke kostnader til drivstoff. Drivstoffkostnadene dekkes med innbetaling av kr. 1,50 pr. kjørte km.

Privatpersonar som leiger bussen skal betala km godtgjersle etter statens regulativ, pt kr. 3,65 i tillegg til drivstoffkostnad på kr. 1,50 pr. km. Det kan gjerast fradrag for påfylt diesel når dette kan dokumenterast ved innlevering av faktura.

    - a. Bussen er utstyrt med bompengebrikke. Lånetakar må refundera kommunen dei faktiske kostnadene ved eventuell bompengepasseringar.
    - b. Ferjeutgifter må dekkast av låntakar
    - c. Parkerings- og fartsbøter er låntakar sitt ansvar
  
9. Forsikring på buss og passasjerar:
  - . Bussen er fullt ut forsikra (bil, førar og passasjer)
    - a. Forsikring utover dette (reise-/fritid) er opp til låntakar
    - b. Låntakar står ansvarleg for skader på bussen, og eigenandel ved evt. skader.
    - c. Ved skade på kjøretøyet, skal sjåføren fylle ut skadeskjema som ligg i bussen og ringe kontaktperson i kommunen straks.
  
10. Max tid for lån av bussane:
  - . I utgangspunktet skal bussen lånast ut for dags-/ettermiddagsturar i samband med aktivitetar, men i spesielle høve kan bussen lånast ut for lengre periodar (for eksempel i forbindelse med helgeturar, turneringar o.l.)